

HARAM KOMMUNE  
Kontrollutvalet

## MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordføraren  
Revisor  
Rådmannen

Medlemene av  
Kontrollutvalet

### **INNKALLING TIL MØTE I HARAM KONTROLLUTVAL**

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**torsdag 12.04.2018 kl. 12.00 på Haram Industrier AS, Hildre**

**Møte startar med ei omvisning og orientering om Haram Industrier AS sin aktivitet ved dagleg leiar Terje Aulstad.**

#### **SAKLISTE:**

- Sak 01/18 - Godkjenning av møtebok frå møte 14.12.2017
- « 02/18 - Oppfølging av sak 11/17, Konkurranseutsetting av engasjement med Kåre Beite
- « 03/18 - Eigarskapskontroll for ÅRIM (Ålesundregionens interkommunale miljøselskap IKS). På vegne av Ålesund kommune. Kunnskapsdeling med Haram kommune.
- « 04/18 - Kontrollrapport 2017 vedkommande skatteoppkrevarfunksjonen for Haram kommune.

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 til dagleg leiar eller til e-post [bjorn.tommerdal@skiks.no](mailto:bjorn.tommerdal@skiks.no)

Sigrid Eidsvik  
leiar  
(sign.)

## **Sak 01/18 - Godkjenning av møtebok frå møte 14.12.2017**

### **KONTROLLUTVALET I HARAM KOMMUNE**

#### **MØTEBOK**

Møtedato: 14.12.2017, kl. 12.00 – 13.45

Møtestad: Haram rådhus

Møtet vart leia av Sigrid Eidsvik

Elles til stades: Eivind Davik (kom kl. 12.30 til sak 08/17), John Alvestad, Elin Grete Vatnehol og Åge Vikestrand.

= **4 og 5 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte:

Dagleg leiar Bjørn Tømmerdal og rådgjevar Harald Rogne.

Frå kommunerevisjonen møtte revisorane Kurt Løvoll, Svein Ove Otterlei og Anne Nygård. Frå Haram kommune møtte Ordførar Vebjørn Krogsæter, Rådmann Turid Hanken og økonomisjef Levi Lervik.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling. Saklista blei endra fordi Eivind Davik først ankom kl. 12.30. Det vart meldt inn to saker under eventuelt.

#### **SAK 07/17 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 14. JUNI 2017**

##### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå kontrollutvalet sitt møte 14. Juni 2016 blir godkjent.

#### **SAK 08/17 PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON I HARAM KOMMUNE**

Innstilling datert 05.12.2017 frå kontrollutvalsekretariatet

##### **Kontrollutvalet sitt samrøystes innstilling:**

1. Kommunestyret gir kontrollutvalet fullmakt til å føreta prioriteringar innan forvaltningsrevisjonen slik som å vedta enkelte undersøkingar.
2. Kommunestyret tek for øvrig saka om plan for forvaltningsrevisjon 2017 – 2020 til orientering.

**SAK 10/17  
TERTIALRAPPORT 2. TERTIAL 2017**

**Det blei ikkje lagt fram tilråding til vedtak frå sekretariatet.**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek Tertialrapport 2. tertial 2017 for Haram kommune til orientering.

**SAK 09/17  
OVERORDNA REVISJONSSTRATEGI , VURDERING AV UAVHENGIGHEIT OG  
ENGASJEMENTSBREV**

Innstilling datert 05.12.2017 frå kontrollutvalsekretariatet

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

**SAK 11/17  
KONKURRANSEUTSETTING AV ENGASJEMENT MED KÅRE BEITE**

**Det blei ikkje lagt fram tilråding til vedtak frå sekretariatet.**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet vel å komme tilbake til denne saka, etter at Kommunerevisjonen har gjennomført sitt oppdrag, herunder risikoområdet «etterleving av regelverket for offentlege innkjøp».

**EVENTUELTT**

1. Restanseliste – på neste møte i kontrollutvalet ønskjer ein å få oversikt over kva for saker som er handsama i kommunestyret og om desse er sett ut i livet.
2. Verksemdebosök hos Haram Industrier AS – sekretariatet undersøkjer om det er mogleg å arrangere neste møte i kontrollutvalet der.

Sigrid Eidsvik leiar	Eivind Davik nestleiar	John Alvestad medlem	Elin Grete Vatnehol medlem	Åge Vikestrand medlem
(sign.)	(sign.)	(sign.)	(sign.)	(sign.)

## **Sak 02/18 - Oppfølging av sak 11/17, Konkurranseutsetting av engasjement med Kåre Beite**

---

### **1. Bakgrunn - utgreiing frå kommunerevisjonen**

Kontrollutvalet i Haram tok i sak nr. 11/17 opp spørsmålet om kommunen har brote lov og forskrift om offentlege anskaffingar.

Bakgrunnen er tildeling av konsulentoppdrag utan konkurranse, til tross for at arten og omfanget av dei innkjøpte tenestene synest å vere slik at innkjøpa fell inn under det ufråvikelege regelverket som er heimla i lov om offentlege anskaffingar.

Kommunerevisjonen har under sakstittelen «Rekneskapsrevisjon 2017 - Haram kommune» etter bestilling frå kontrollutvalet utarbeidd notat datert 22.03.d.å, om saka. Revisjonen er etter sine vurderingar komen fram til at

*«rådmannen hadde ei plikt til å kunngjere denne anskaffinga».*

Det nemnde notatet følgjer **vedlagt**.

Rådmannen har brev av 21.03.2018 til revisjonen gitt uttale til revisjonen sine synspunkt. I råmannen sin uttale går det fram at i lys av regelverket

*«kan eg i etterkant sjå at anskaffinga kunne vore vurdert gjennomført på ein annan måte, og vore lyst ut enten som intensjonskunngjering eller som ordinær konkurranse».*

Rådmannen sitt brev følgjer **vedlagt**.

### **2. Oppsummering**

All offentleg anskaffing skal så langt det er mogleg gå føre seg på grunnlag av konkurranse. Kravet til konkurranse medfører at kommunen som oppdragsgjevar må ha ein særskild heimel for å gå til ei direkte anskaffing frå ein enkelt leverandør utan konkurranse.

Utvaelte bør drøfte om ein ønskjer ei nærmare juridisk utgreiing og vurdering av saka opp mot regelverket og KOFA sin praksis.

Saka vert på dette tidspunkt lagd fram utan tilråding til vedtak. .

## Haram kontrollutval

Vår sakshandsamar:

Vår dato:

22.03.2018

Vår referanse:

Dykkar dato:

Dykkar referanse:

### **Rekneskapsrevisjon 2017 – Haram kommune**

Kontrollutvalet handsama sak 11/17 om *Konkurranseutsetting av engasjement med Kåre Beite* i sitt møte 14.12.17. Det var då gjort følgjande vedtak:

*Kontrollutvalet vel å komme tilbake til denne saka, etter at Kommunerevisjonen har gjennomført sitt oppdrag, herunder risikoområdet «etterleving av regelverket for offentlige innkjøp».*

Oppdraget som det vart vist til i vedtaket er knytt til vår gjennomgang av praktisering av regelverket for offentlige anskaffingar. Denne gjennomgangen var basert på eit utplukk frå rekneskapen for nokre leverandørar som hadde fått utbetalt eit beløp over ei viss grense i perioden 2014-2017. Enkeltpersonføretaket Kåre Beite var det eit av innkjøpa som vart plukka ut. Når det gjeld gjennomgangen av alle leverandørane som vart plukka ut vil vi kome attende til det seinare.

### **Regelverk**

I lov om offentlege anskaffingar er konkurranse det første grunnleggande prinsippet som blir nemnt i § 4. Alle anskaffingar skal så langt det er mogleg, skje på grunnlag av konkurranse. Prinsippet blir grunngjeve ut frå både samfunnsøkonomiske og forretningsmessige omsyn, samt forvaltningsrettslege likskapsbetraktingar, jmf. NOU 1997: 21 kap. 2.

Haram kommune skal gjere sine innkjøp i tråd med forskrift om offentlege anskaffingar. I våre vurderinger er det forskrifta frå 2006 som gjeld. I forskrifta er det ulike terskelverdiar som angir kva for del som gjeld. I utgangspunktet er det tre typar terskelverdiar som gjer seg gjeldande.

Den første er terskelverdien for når forskrifta blir gjeldande, og den er på 100 000 kr eks. mva. Den andre er den nasjonale terskelverdien på 0,5 mill kr eks mva, som vart auka til 1,1 mill kr i ny

forskrift gjeldande frå 01.01.17. Anskaffingar med en verdi som er lik eller overstig denne, men som ikkje overstig EØS-terskelverdiane, skal i hovudsak følge del II i forskrifa. For dei som er under denne, gjeld del I som ikkje har reglar om plikt til kunngjering. Den tredje typen terskelverdi er EØS-terskelverdiar, og det er verdiar for ulike typar kontraktar jmf. § 2-2, der det stod at:

*Forskriftens del III gjelder kontrakter der den anslalte verdi overstiger 1,75 millioner kroner ekskl. mva. for vare- og tjenestekontrakter og 44 millioner kroner ekskl. mva. for bygge- og anleggskontrakter.*

I ny forskrift gjeldande frå 01.01.17 går terskelverdiane fram av § 5-3, der det står at:

*EØS-terskelverdiene er:*

a) (...)

b) *1,75 millioner kroner ekskl. mva. for andre oppdragsgiveres vare- og tjenestekontrakter og plan- og designkonkurranser*

c) *44 millioner kroner ekskl. mva. for bygge- og anleggskontrakter.*

Eit sentralt tema ved offentleg anskaffingar er måten ein reknar ut verdien av eit innkjøp.

Dette vart det gitt konkrete regler for i § 2-3 i form av 15 punkt, og § 5-4 i ny forskrift. Vi skal her gje att eit utdrag av punkta i forskrifta frå 2006:

(1) *Anskaffelsens anslalte verdi beregnes på grunnlag av oppdragsgivers anslag av det samlede beløp oppdragsgiver kan komme til å betale, ekskl. mva. for de kontrakter som utgjør anskaffelsen.*

(2) *Beregningen skal være holdbar på kunngjøringstidspunktet, eller for anskaffelser som ikke krever kunngjøring, på det tidspunktet oppdragsgiver etter en forsvarlig vurdering av markedet begynner å innhente tilbud.*

(3) *Valg av metode for beregning av anskaffelsens anslalte verdi skal ikke foretas i den hensikt å unngå at bestemmelser i denne forskrift får anvendelse på kontrakten.*

(4) *En planlagt anskaffelse av en bestemt ytelse kan ikke deles opp i den hensikt å unngå at bestemmelser i denne forskrift kommer til anvendelse.*

(9) *Ved tidsbegrensede tjenestekontrakter uten fastsatt samlet pris, og med en løpetid på 48 måneder eller mindre, skal beregningsgrunnlaget være kontraktens totale anslalte verdi for hele løpetiden.*

(10) *For tidsubegrensede tjenestekontrakter eller tjenestekontrakter med en løpetid på mer enn 48 måneder, hvor det ikke er fastsatt en samlet pris, skal beregningsgrunnlaget være den månedlige rate multiplisert med 48.*

Eit viktig drøftingstema i våre vurderingar er dei såkalla unntaksreglane. Vi skal her gje at nokre reglar som er relevante i høve til den problemstillinga som ligg føre. Under § 2-1 punkt 2 stod det:

(...) For følgende kontrakter, som ikke overstiger terskelverdiene angitt i § 2-2 (terskelverdier), gjelder likevel kun del I (alminnelige bestemmelser):

- a. anskaffelsen kan bare foretas hos én leverandør i markedet, for eksempel av tekniske eller kunstneriske årsaker, eller for å beskytte en enerett mv.,
- b. det foreligger et **usedvanlig fordelaktig tilbud** som gjør det mulig å anskaffe ytelsjer til en pris som ligger vesentlig under normale markedspriser, og en anbudskonkurranse eller konkurransen med forhandling ikke lar seg gjennomføre i det tidsrommet tilbuddet foreligger,
- c. anskaffelsen på grunn av **uforutsette omstendigheter** ikke kan utsettes i den tiden det tar å gjennomføre en konkurranse,

Rettleiaren til reglane om offentleg anskaffingar av 2013 gir god hjelp til å forstå kva som ligg i dei tre omgrepa: én leverandør i markedet, **usedvanlig fordelaktig tilbud** og **ikke kan utsettes grunnet uforutsette omstendigheter**.

Når det gjeld én leverandør i markedet stod det:

*Det er ikke tilstrekkelig at oppdragsgiver er av den formening at kun én leverandør kan oppfylle dens behov, eller at de kun vet om én leverandør fordi de mangler kunnskap om markedet.*

*Det må foreligge objektive årsaker til at kun én leverandør kan oppfylle ytelsen. Det kan for eksempel tenkes at kun én leverandør har teknisk kompetanse til å utføre arbeidet, eller at det kun er én leverandør som produserer produktet. Ettersom teknisk ekspertise stadig er i utvikling skal det svært mye til for å sannsynliggjøre at andre leverandører, herunder grupper av leverandører, ikke vil kunne levere den aktuelle ytelsen.*

Når det gjeld **usedvanlig fordelaktig tilbud** stod det

*Formålet med bestemmelsen er å gi oppdragsgiver adgang til å benytte seg av kortvarige tilbud som ligger vesentlig under markedspris*

(...)

*Tilbuet må dessuten gjelde i et begrenset tidsom, som må være kortere enn det tar å gjennomføre en ordinær anskaffesesprosedyre. Det nevnes i denne forbindelse at konkurransen etter del II vil kunne gjennomføres relativt raskt, siden det ikke gjelder noen minimumsfrister, jf. veilederens kapittel 11.*

Når det gjeld **ikke kan utsettes grunnet uforutsette omstendigheter** stod det:

*For at bestemmelsen skal kunne brukes må det foreligge uforutsette omstendigheter, **det vil si forhold oppdragsgiver ikke har herredømme over**. Dette vil for eksempel være tilfelle*

*dersom det på grunn av såkalte force majeure liknende forhold, som jordskjelv, oversvømmelser, brann eller lignende er nødvendig å foreta en anskaffelse for å skaffe livsnødvendige varer, som for eksempel medisiner, matforsyning eller lignende.*  
*Oppbyggingsarbeid etter en naturkatastrofe, som det ikke er nødvendig å starte med før etter en vanlig anskaffelsesprosedyre, omfattes ikke av unntaksbestemmelsen. Med andre ord kan det tenkes tilfeller der deler av et prosjekt kan gjennomføres etter unntaksbestemmelsen (medisiner, mat) mens andre deler (oppbygningsarbeid) må følge de ordinære prosedyrene.*

*Andre uforutsette omstendigheter enn force majeure liknende forhold kan også oppfylle vilkåret om uforutsette omstendigheter. Dette kan for eksempel være tilfelle dersom oppdragsgivers leverandør uventet går konkurs eller leverandørens ansatte streiker, og anskaffelsen ikke kan utsettes i den tid det tar å gjennomføre en konkurranse. Det vil imidlertid ikke være tilstrekkelig grunnlag for å benytte unntaksbestemmelsen **at det foreligger sterkt politisk press om rask gjennomføring av et prosjekt.***

*Det må foretas en konkret vurdering av om anskaffelsen objektivt sett ikke kan utsettes i den tid det tar å gjennomføre en konkurranse. Oppdragsgiver må kunne sannsynliggjøre at det å anvende de ordinære fristene i forskriftens del II vil få alvorlige konsekvenser.*

*Et eksempel er at det er fare for liv eller helse, eller ødeleggelse av eiendom. Det er ikke tilstrekkelig grunn for å benytte bestemmelsen **at anskaffelsen vil bli dyrere, eller mer ineffektiv**, ved en konkurranse etter forskriftens del II. Det nevnes i denne forbindelse at konkurranse etter del II vil kunne gjennomføres relativt raskt siden det ikke gjelder noen minimumsfrister, se veilederens kapittel 11.*

*Det er et krav om årsakssammenheng mellom de uforutsette omstendighetene og behovet for anskaffelsen. Med andre ord må årsaken til at fristene i del II ikke kan overholdes skyldes de særige omstendighetene. **Dersom årsaken til at det haster er at oppdragsgiver burde planlagt sine anskaffelser bedre, kan bestemmelsen ikke benyttes.** Oppdragsgiver kan miste retten til å anvende unntaksbestemmelsen dersom det går for lang tid før en foretar anskaffelser begrunnet i disse uforutsette omstendighetene. I slike tilfeller ville oppdragsgiver hatt tid til å gjennomføre en hasteprosedyre.  
Det avgjørende for vurderingen er hva en **normalt påpasselig oppdragsgiver etter en objektiv vurdering burde ha forutsett.***

*De grunnleggende prinsippene, særlig forholdsmessighetsprinsippet, taler for at bestemmelsen **kun kan benyttes til å inngå kontrakter av kortere varighet.** Unntaksbestemmelsen bør ikke brukes til å inngå kontrakter av lengre varighet enn det som er nødvendig for å oppnå formålet. For kontrakter av lengre varighet bør oppdragsgiver, innen rimelig tid, avholde en konkurranse i henhold til de alminnelige reglene i forskriften.*

## Fakta

25.06.14 vart det ført ein protokoll for anskaffingar mellom 100 000 og 500 000 kr eks mva.

Protokollen gav ei slik skildring av kva kommunen skulle kjøpe inn:

*Arbeid med sluttføring av prosjekt og saker som rådgjevar Kåre Beite ikkje kunne fullføre før avgang med pensjon 30.06.14.*

Vidare stod at dette var ei enkeltkontrakt og verdien var anslått til 350 000 kr. Når det gjeld kva for tiltak ein hadde gjennomført for å sikre reell konkurranse om kontrakten stod det:

*Markedet er vurdert mht kompetanse for tenestene. Ingen andre leverandørar har levert tilbod.*

I tillegg var det vist til to andre punkt. Det første punktet 1.6 angir at:

*Dei oppgåvene som er aktuelle å få sluttført er spesielle i forhold til kunnskap om fagleg innhald og bakgrunn. Å sette andre inn i sakene vil krevje mykje tid og medføre ekstra kostnader og tidsbruk.*

Det andre punktet angir at:

*Ingen andre leverandørar er vurdert som aktuelle. Jfr. pkt. 1.6*

Det var underteikna ein avtale same dag mellom Haram kommune og enkeltpersonføretaket Kåre Beite. Avtalen gav bakgrunnen for den. Det stod:

*KB har etter oppnådd pensjonsalder sagt opp stillinga i Hk og går av med tenestepensjon frå 01.07.14.*

*For å følgje opp og sluttføre prosjekt som KB har arbeidd med, vert det avtalt at KB utfører oppdrag som rådgjevar i eige registrert enkeltpersonforetak.*

Oppdraget var konkretisert slik:

*Oppfølging av og arbeid med prosjekta:*

- *Omsorgssenter på Eidet*
- *Nytt kommunehus*
- *Symjeanlegg i Brattvåg*
- *Utviklingsplan for Sønnalandsdalen*
- *Rådgjeving i faglege spørsmål basert på kunnskap om forhistorie m.m., og møte i samband med andre oppgåver*

*Det kan i tillegg avtalast andre prosjekt. For prosjekt vert det fakturert godt gjersle etter medgått tid.*

Når det gjeld avtaletid stod det:

*Denne avtalen kan seiast opp av begge partar med 1 mnd varsel.*

Den 03.03.15 vart det ført ein ny protokoll for anskaffingar mellom 100 000 og 500 000 kr eks mva. Protokollen gav ei slik skildring av kva kommunen skulle kjøpe inn:

*Forlenging av avtale, j.nr 14/6252, i 2015, vedk. arbeid med sluttføring av prosjekt og saker som rådgjevar Kåre Beite ikkje kunne fullføre før avgang med pensjon 30.06.14.*

Vidare stod at dette var ei enkeltkontrakt og verdien var anslått til 500 000 kr. Utover det som står ovanfor var denne protokollen langt på veg samanfallande med protokollen datert 25.06.14.

25.02.16 vart det ført ein ny protokoll for anskaffingar mellom 100 000 og 500 000 kr eks mva.

Protokollen gav ei slik skildring av kva kommunen skulle kjøpe inn:

*Forlenging av avtale, j.nr 14/6252, i 2016, vedk. arbeid med sluttføring av prosjekt og saker som rådgjevar Kåre Beite ikkje kunne fullføre før avgang med pensjon 30.06.14. Særskilt fullføring av Eidet Omsorgssenter og nytt tenestehus.*

Utover dette, var denne protokollen langt på veg samanfallande med protokollen datert 03.03.15.

14.01.17 vart det ført ein ny protokoll for anskaffingar mellom 100 000 og 500 000 kr eks mva.

Protokollen gav ei slik skildring av kva kommunen skulle kjøpe inn:

*Forlenging av avtale, j. nr 14/6252, i 2017 vedk. arbeid med sluttføring av prosjekt og saker som rådgjevar Kåre Beite ikkje kunne sluttføre før avgang med pensjon 30.06.14. Arbeidet er knytt til sluttføring, overtaking og innflytting av Eidet Omsorgssenter, og arbeid med sakskompleks og kontraktsforhold knytt til nytt tenestehus. Evt andre mindre oppgåver avtalast enkeltvis.*

Når det gjeld grunngjevinga for at det ikkje var gjennomført konkurranse stod det:

*Dei oppgåvene som er aktuelle å få sluttført er spesielle i forhold til kunnskap om fagleg innhald, bakgrunn og prosess. Prosjekta har av ulike årsaker blitt forsinka i forhold til opprinnelige framdriftsplan. Tenestehuset er under rettsbehandling, og inngående kjennskap til prosjektet er nødvendig videreført. Å sette andre inn i sakene vil krevje mykje tid og medføre ekstra kostnadar og tidsbruk, og kunne få konsekvensar mht til sluttføring og framdrift. Avtalen vert av den grunn videreført utan konkurranse.*

Utover dei to sitata ovanfor, var denne protokollen langt på veg samanfallande med protokollen datert 25.02.16.

I e-post frå rådmannen til kommunerevisjonen av 02.02.18 går det fram at:

*Som eg gjorde greie for i kontrollutvalet er denne historikken litt spesiell pga prosjekt som har dratt ut i tid mellom anna grunna lange politiske beslutningsprosessar. Eg har mint og trudd at vi her er på trygg grunn ifht til unntaksreglane i LOA, men kontrollutvalet har jo stilt spørsmål om dette er utanfor eller i ei gråsone. Kåre Beite er engasjert på bakgrunn av hans spesielle kompetanse og kunnskap om prosjekta og avtalane som skal handterast. Dette for å sikre at vi ivaretak Haram kommune sine interesser knytt til prosjekta.*

I e-posten gjekk det og fram eit oppsett over utbetalingane:

År	inkl mva	eks mva
2014	388 128	310 502
2015	811 782	649 426
2016	833 109	666 487
2017	593 556	474 845
	2 626 575	2 101 260

I vårt svar datert 09.02.18 bad vi rådmannen om ei nærmare presisering av kva for unntaksreglar det her var tale om. Det vart gjennomført eit møte 19.02.18 der ein diskuterte dette.

### Vurdering

Bakgrunnen for avtalen som vart inngått med enkeltpersonføretaket Kåre Beite datert 25.06.14 var slik vi oppfattar det, å vidareføre arbeidsforholdet til Kåre Beite som skulle gå av med pensjon 01.07.14. Det kan her leggjast til at reglane om offentleg tenestepensjon inneber at eit taper pensjon desto lengre ein står i arbeid utover pensjonsalder. Det å inngå ein avtale med eit enkeltpersonføretak er ikkje ein uvanleg metode for å vidareføre eit arbeidsforhold for dei med full opptent tenestepensjon. Slik vi har oppfatta det, er dette også godteke av KLP. Det krev likevel at ein gjennomfører konkurranse, som er eit grunnleggjande prinsipp i lov om offentlege anskaffingar og som gjeld alle anskaffingar uavhengig av terskelverdi.

Avtalen som vart inngått var tidsuavgrensa. Dette tilseier at ein skal leggje 4 år til grunn når ein reknar ut terskelverdien. Det igjen inneber at rådmannen ville hatt ei plikt til å gjere ei kunngjering etter del III.

Det er likevel ført ein ny anskaffingsprotokoll for anskaffingar mellom 100 000 og 500 000 kr ved inngangen til 2015, 2016 og 2017. Rådmannen har elles signalisert at det er eit ønske om å vidareføre denne avtalen også no ved inngangen til 2018. Om ein skal forstå avtalen sama med protokollane dit hen, at dette er ei anskaffing av ei kontrakt for eit år av gangen, så ser ein i ettertid at kontraktane for 2015 og 2016 hadde eit omfang som krev ei kunngjering etter del II.

Rådmannen har ei plikt til å gjere ei forsvarleg vurdering i forkant av ei anskaffing. Kva som ligg i forsvarleg vurdering er avhengig den verdi som ei kontrakt har. Når ein kan ha grun til tru at kontrakten vedkjem EØS-terskelverdiane, bør rådmannen etter vårt syn gjere ei noko grundigare vurdering en det ein ser i denne saka. I alle høve må rådmannen vere meir tydeleg på kor lenge slike kontraktar gjeld, slik at ein er tydeleg på kva for terskelverdiar som gjeld.

Etter vårt syn er dette særleg viktig ved slike anskaffingar som det er grunn til å tru har ei viss offentleg interesse. Slik kontraktar må ein etter vår syn handtere grundig for å sikre den allmenne tillit og at kommunen har eit godt omdømme.

Vi skal her til slutt gjere ei kort vurdering av dei tre mest aktuelle unntaka som vi også lista opp i vår gjennomgang av regelverket. Det var der også gjort nokre sitat frå rettleiaren.

Dette er ei generell drøfting utan at vi dermed gir inntrykk av at det er desse tre konkrete unntaka rådmannen siktar til i høve til det å vere *på trygg grunn ifht til unntaksreglane*.

Når det gjeld ein leverandør i marknaden, så må ein leggje til grunn at ein kvar offentleg tenestemann er erstatteleg når ein pensjonerer seg.

Når det gjeld eit usedvanleg fordelaktig tilbod, så er det ein føresetnad at tilboden har ein tidsfrist som er så kort at ein ikkje rekk å gjennomføre ein kort konkurranse etter del II. Det går også fram av rettleiaren at del II ikkje har minimumsfristar. Vi skal vanskeleg sjå at det er snakk om slik korte tidsfristar her. I alle høve må dei vere dokumentert og sannsynlege.

Når det gjeld uføresette omstende, så er dette tilfelle som rådmannen ikkje har herredøme over. Dette er eit unntak ein nyttar ved force majeure eller liknande høve der liv, helse og vesentlege verdiar står på spel, altså at det gir alvorlege konsekvensar å hente inn fleire tilbod eller å kunngjere. Det er også presisert at unntaket ikkje gjeld i høve til eit sterkt politisk press om rask gjennomføring. Vidare at om årsaka til at det hastar er at rådmannen burde ha planlagd sine anskaffingar betre, så gjeld heller ikkje unntaket. I den grad ein nyttar unntaket, så skal ein så fort som mogleg gjennomføre ein konkurranse etter at den akutte situasjonen har roa seg.


## Konklusjon

Kommunerevisjonen vurderer det etter dette slik at rådmannen hadde ei plikt til å kunngjere denne anskaffinga.

## Høyring

Dette brevet er sendt til rådmannen for kommentarar. Motteke kommentar datert 21.03.2018 er vedlagt.

Med helsing



Kurt Løvoll  
konst. dagleg leiar



Anne Nygård  
oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor

Kopi: Haram kommune v/rådmannen  
Vedlegg: Uttale frå rådmannen i Haram

Vedlegg

Til

Kommunerevisjonen

Att: Anne Nygård

### **Rekneskapsrevisjon 2017 – Haram kommune – uttale**

I samband med rekneskapsrevisjon 2017 har kommunerevisjonen sett på kommunens etterleving av regelverket for offentlege innkjøp, mellom anna vedkomande avtale med enkeltmannsforetaket Kåre Beite. Rådmannen har fått revisjonen sitt brev til kontrollutvalet vedk denne avtalen til uttale.

Revisjonen konkluderer med at dette er ei anskaffing som skulle vore kunngjort etter Lov om Offentlige Anskaffelser (LOA). Eg har følgjande kommentarar til brevet:

Eg vil understreke at det aldri har vore tilskitta å omgå regelverket frå kommunen si side. Kommunen har derimot hatt eit bevisst forhold til regelverket gjennom å inngå avtale og ført protokoll med henvisning til LOA. Denne saka gjeld, slik eg ser det, derfor om kommunen har handtert regelverket rett. Kommunen har henvist til unntaksreglane i regelverket, og vurderte i utgangspunktet denne anskaffinga til å vere omfatta av denne delen av regelverket. Det er særleg med henvisning til del II pkt 2.1 vurderinga vart gjort. Eg registrerer at revisjonen har ei strengare tolking av regelverket enn det som har vore lagt til grunn frå kommunen si side, og tek det til etterretning. Anskaffelsen har også hatt ein lengre tidshorisont og større omfang enn planlagt. I lys av dette, kan eg i etterkant sjå at anskaffinga kunne vore vurdert gjennomført på ein annan måte, og vore lytt ut enten som intensjonskunngjering eller som ordinær konkurranse.

Når det er sagt vil eg føye til nokre tilleggsopplysningar knytt til det som kjem fram i brevet frå revisjonen;

Bakgrunnen var at kommunen var midt inne i prosessar med å førebu og gjennomføre to store anskaffingar som hadde vore handtert av Kåre Beite medan han var tilsett i kommunen og på det tidspunkt han vart pensjonist. Dette var resultat av lange utgreiingar og politiske beslutningsprosessar som i denne perioden kom til realisering. Engasjementet var i hovudsak knytt opp til desse, samt nokre mindre utgreiingsprosjekt som ikkje var fullført. Omstendigheitene rundt samanfall i tid mellom fasane i prosjekta og at Kåre Beite vart pensjonist, gjorde at kommunen måtte finne ei best muleg løysing for å handtere utfordringane og halde tak i pågående prosessar. Det var behov for kontinuitet og inngåande kjennskap til forutgåande arbeid for å kunne følgje opp pågåande anskaffelsesprosessar og

gjennomføring av utbyggingsprosjekt. Kåre Beite hadde gjennom fleire års arbeid med prosjekta opparbeidd seg inngående kjennskap til alle sider av oppgåvene som skulle følgjast opp. Ingen andre vart vurdert til å kunne inneha tilsvarende kompetanse, og det ville vere krevjande å sette seg inn i dette midt i dei fasane prosjekta var i. Det vart vurdert slik at det var behov for den unike kompetansen og kunnskapen som Kåre Beite hadde tilegna seg, og som på det tidspunktet avtalen vart inngått var nødvendig og viktig for å fullføre pågående prosjekt, og ivareta kommunens interesser. Kommunen var i ein situasjon der prosjekt måtte følgjast opp kontinuerleg.

Ein visste ikkje på tidspunktet avtalen vart inngått første gong at desse prosjekta skulle bli forseinka i tid. Heller ikkje var det muleg å forutsjå dei utfordringane som ein møtte undervegs med framdrift i prosjektgjennomføringa. Inngåing av den første avtalen og fornying av avtalane med Kåre Beite må sjåast i lys av at dette. Prosjekta vart undervegs gjenstand for uforutsette hendingar som har medført lengre gjennomføringsfase og forlenging av avtalen med Kåre Beite enn ein kunne sjå føre seg på forhånd.

Revisjonen viser til at omfanget av anskaffinga overskrid terskelverdien, også for to av åra isolert sett. Begge dei to åra det er vist til fekk kommunen både klager og varsle om rettsak mot seg som krevde stor kapasitet og mykje ressursar i ein periode. Slike situasjoner er ikkje uvanleg i store prosjekt, og det må handterast der og då etter beste evne med korte tidsfristar. Rådmannen sitt perspektiv i slike situasjoner er å sørge for at kommunen sine interesser vert ivaretatt på ein best muleg måte. I sakene her medførte det at det har medgått noko meir tid enn forutsett og avtalt på førehånd.

Revisjonen viser til at det skulle vore gjort tydlegare på førehånd kva terskelverdiar som skulle vere gjeldande. Med bakgrunn i at ein på avtaletidspunktet ikkje såg føre seg omfanget oppdraget fekk, vart ikkje dette punktet tillagt den vekt som revisjonen påpeikar. Også i ein ordinær anskaffelse ville dette punktet kunne blitt undervurdert. I ettertid er det likevel muleg å sjå at det kunne vore gjort ein grundigare analyse.

Eg vil avslutningsvis understreke at kommunen ikkje kunne unngått kostnader til å gjennomføre dei oppgåvene som Kåre Beite har utført i perioden. På grunnlag av dei vilkåra som går fram av avtalane med Kåre Beite, og som revisjonen har tilgang til, ville det etter mi vurdering heller ikkje vore sannsynleg at ei anna ordning ville vere meir økonomisk gunstig for kommunen verken om arbeidet vart gjennomført av eigne tilsette eller av ein konkurrent i marknaden. Dette med bakgrunn i kjennskap til marknaden på desse kompetanseområda. Dette fråskriv sjølv sagt ikkje rådmannen det ansvaret som følgjer av regelverket, men belyser konsekvensen av revisjonen sin konklusjon.

Brattvåg 21.03.2018

Turid Hanken

rådmann

## **Sak 03/18 - Eigarskapskontroll for ÅRIM (Ålesundregionens interkommunale miljøselskap IKS). På vegne av Ålesund kommune. Kunnskapsdeling med Haram kommune.**

### **Vedlegg:**

Eigarskapskontroll - Ålesundregionen interkommunale miljøselskap IKS som pdf fil.

### **Bakgrunn**

Rapporten har bakgrunn i ein prosjektplan vedteke av kontrollutvalet i Ålesund kommune. Rapporten vart behandla av Ålesund bystyre 22. mars 2018.

Ein selskapskontroll er delt i to komponentar - eigarskapskontroll og forvaltingsrevisjon. Eigarskapskontroll er den obligatoriske delen og inneber vurderinger av eigarskapsutøvinga og forhold som vedkjem rapportering og informasjonsflydd frå eit eigarperspektiv. Forvaltingsrevisjon er ein frivillig del av ein selskapskontroll. Den kan omfatte vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og verknader ut frå vedtaket og føresetnadene til kommunestyret.

Det er levert to rapportar. Denne rapporten omhandlar eigarstyringa. Forvaltingsrevisjonsrapporten vil bli behandla seinare.

Rapporten er send på høyring til ÅRIM og rådmannen. Høyringssvar framgår av forord og vedlegg.

### **Rapporten**

Det foreligger no ein omfattande rapport som klargjer mange sider som kommunerevisjonen anser relevant i forhold til å gi ei vurdering av korleis Ålesund kommune forvaltar eigarskapen sin av ÅRIM

Det gjennomgående temaet og fokuset for rapporten, er om eigarstyringa er god. God eigarstyring slik den er konkretisert i rapporten, melder at det inneber å føre kontroll med eigarinteressene sine. I dette ligg det at det er innført rutinar, altså etablert ein struktur som denne kontrollen blir utøvd gjennom og at den blir gjennomført. Denne strukturen kjem gjerne til uttrykk i eigarskapsmelding.

I tillegg til ei god eigarskapsmelding, inneber ei god eigarstyring at den blir utøvd i tråd med vedtaket til bystyret og føresetnader, aktuelle lovreglar og ikkje minst etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing.

I rapporten er det framstilt saker som er lagde fram for politisk behandling. Både vedtaka og deler av saksframstillinga gir føresetnadene.

Det er peikt på ei rekke aktuelle lovreglar, som ein må tru at all god eigarar må meine er særleg viktige å overhalde.

KS sine tilrådingar for selskapsstyring er lagt til grunn som gode etablerte normer for eigarstyring.

Rapporten melder også at etablerte normer for god selskapsleiing melder at god kommunikasjon i alle ledd frå eigar, styrte, leiing og tilsette, er eit allment omtykt kjenneteikn på organisasjonar som har ei god styring mot å nå måla sine.

## **Om ÅRIM**

Rapporten gir først ei oversikt over historikken til ÅRIM. Den melder føresetnadene til bystyret for å vere med i eit interkommunalt samarbeid med dei andre kommunane på Nordre Sunnmøre innan avfallsområdet.

Tenestene som ÅRIM leverer kan grovt delast inn i renovasjon, slam, miljøstasjon, mobil miljøstasjon, returpunkt, informasjon og haldningsskapande arbeid. Selskapet har ein stor oppgåveportefølje, og den framgår som vedlegg til rapporten.

ÅRIM er regulert av ei rekke lover, reglar og føringar, og det er vurderinga til kommunerevisjonen at selskapet er veldrive og godt kjent med det regelverket som regulerer selskapet.

Kommunerevisjonen vurderer det også slik, at frå danningen av ÅRIM i 2009 og fram til i dag, så har selskapet i all hovudsak utvikla seg i tråd med intensjonane. Ei viktig årsak til opprettinga av selskapet, var at ein så for seg at framtida for avfallsbransjen ville bli krevjande, med ei stadig omstilling som ville krevje betre kompetanse. Dette blir peikt på at dette framleis gjeld.

ÅRIM har ein stor oppgåveportefølje, og er i ein bransje med ei stor teknologiutvikling og stadige vesentlege endringar i rammevilkåra av regulerande styresmakt. Kommunerevisjonen vurdering er at selskapet er tilpassingsdyktig i forhold til dette. Styret, dagleg leier og dei tilsette, er etter deira syn kunnskapsrike og utviklingsorienterte i forhold til oppgåvene dei skal løyse. Vidare at selskapet verkar godt organisert med ein profesjonell kommunikasjon med omverda.

## **Om eigarstyring**

Rapporten klargjer også eigarstyringa av ÅRIM med utgangspunkt i styringsorgana, styringsdokumenta og kommunikasjonen mellom ÅRIM og Ålesund kommune. Når det gjeld kommunikasjonen, så er det skilt mellom styring- og samarbeidskommunikasjon, der ein i forhold til sistnemnde tenkjar på leverandør- og kunderollar som dei har ovanfor kvarandre. Det er også sett på kommunikasjonen som har vore i forhold til Tafjord Kraftvarme AS, som saman med ÅRIM og Bingsa Næring er sentrale innanfor avfallshandtering i Ålesundsregionen.

## **Styringsorgana**

Styrt til ÅRIM framstår etter vurderinga til kommunerevisjonen som profesjonelt og aktivt. Det blir peikt på at det er breitt samansett, og reflektere det politiske og administrative fokuset i forhold til samansettinga av styre som blei trekt opp i den siste eigarskapsmelding til Ålesund kommune.

KS tilrår å setje av tid til kompetanseutvikling gjennom opplæring eller eigarskapsseminar for alle folkevalte i løpet av dei første 6 månadene og etter 2 år, og at det jamleg blir gjennomført eigarmøte mellom representantar frå eigar, styrt og dagleg leier. Den generelle politikaropplæringa for ein ny valperiode blir ikkje vurdert som tilstrekkeleg for dei som har verv i eit representantskap. Det blir likevel peikt på at det er svært sentrale politikarar som forvaltar desse posisjonane i ÅRIM, så i forhold til eigarskapsutøvinga av ÅRIM kan det vere mindre relevant. Om ein derimot vurderer den samla portefølje av alt eigarskap i alle kommunane på Sunnmøre, bør ein kanskje vurdere å gi Sunnmøre Regionråd ei rolle i samanheng med opplæring av nye folkevalte i forhold til eigarstyringa.

I tillegg til opplæring, antyder også kommunerevisjonen at det bør gjerast eit framstøyt mot regionrådet med sikte på å avklare om dei kan hospitere interkommunale arenaer for å utarbeide eigarskapsmelding. Det kan vere med på å synligjøre eventuelle ulike vurderingar om kva som bør

vektleggjast i eigarskapsmelding, samt vere med på å skape eit grunnlag for ei felles forståing i forhold til utviklinga til selskapa. I dette ligg også ei vurdering av korleis ein eventuelt bør formalisere og koordinere eigarmøte (ein uformell arena) mellom selskapa og dei av eigarane som er medlemer i regionrådet.

Når det gjeld rolla til rådmannen i eigarstyringa, så presisare kommunerevisjonen at det etter synet deira er viktig at administrasjonen er involvert for å sikre god kontinuitet, men at det kanskje også bør gjerast somme tydelege avklaringar i forhold til dei ulike rollane.

### **Styringsdokumenta**

Kommunerevisjonen melder at Ålesund kommune har ei god og omfattande eigarskapsmelding. Den trekkjer opp generelle prinsipp, og gir ein oversikt over alle selskapa som kommunen har ein eierdel i. Det er mange selskap og det gir ei omfangsmessig avgrensing i forhold til at den aleine kanskje ikkje er tilstrekkeleg for å utøve eigarskap for dei større selskapa. Det som går fram om ÅRIM spesifikt, er ei forventing om at selskapet driv effektivt, og synleggjer stordriftsfordelar som held avgifta på dagens nivå. Vidare at selskapet skal vere ein pådrivar for å få fram solid kunnskap om gode miljøløysingar, og ha grundige prosessar når det gjeld endringar.

Representantskapet i ÅRIM la fram ein langsiktig strategiplan. Den einskilde eigarkommunen og allmenheten, blei i denne prosessen etter synet til kommunerevisjonen involvert på ein god måte i forhold til det å trekkje opp dei opp lange utviklingslinjene for avfallshandtering for Ålesundsregionen. Strategiprosessen med ein høyningsrunde gav etter vurderinga deira representantskapet eit breitt vedtaksgrunnlag. Det blir peikt på at representantskapet einstemmig valde ein strategi som i all hovudsak var samanfallande med vedtaket i bystyret.

Strategiplanen er etter synet til kommunerevisjonen eit godt eigna reiskap for selskapsstyring. Dei melder at eigarskapsmelding og strategiplanen utfyller kvarandre på ein god måte i forhold til ÅRIM. Ei eigarskapsmelding kan ikkje vere detaljert i forhold til kvart selskap. Det ville gitt eit omfattande dokument, og krevje ein heller kapasitet og kompetanse av dei som skal utarbeide den. Kommunerevisjonen anser også erfaringa med ÅRIM sin strategiprosess som så god, at det bør vurderast å stille krav til ein strategiplan i eigarskapsmelding for dei selskapa der kommunen har ein vesentleg eierdel. Det blir også peikt på at det er viktig at denne strategiplanen blir forankra i det organet som utøver eigarstyring for kommunen, altså kommunestyret.

### **På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slike**

#### **vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat

**Sak 04/18 - Kontrollrapport 2017 vedkommande  
skatteoppkrevarfunksjonen for Haram kommune.**

---

Sjå vedlagte rapport frå Skatt Midt-Noreg til kommunestyret i Haram kommune. Kontrollutvalet i Haram kommune står som kopi på denne rapporten og den legges fram for utvalet uten nokon sakshandsaming. Hvis kontrollutvalet ynskjer å kommentere eller ta opp eit eller fleire høve ved rapporten, står kontrollutvalet fritt til å gjere dette.

**På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt**

**vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat



Skatteetaten

Datoen vår 15.02.2018	Datoen din	Sakshandsamar Karl Inge Klausen
800 80 000 Skatteetaten.no	Referansen din	Telefon 97492001
Org.nr 991733116	Referansen vår 2017/206495	Postadresse Postboks 2060 6402 Molde

Kommunestyret i Haram kommune  
Storgata 19  
6270 BRATTVÅG

## **Kontrollrapport 2017 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Haram kommune**

### **1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjaren**

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følgjer av skattebetalingslova og "Instruks for skatteoppkrevjarar" av 8. april 2014.

Skattekontoret har fagleg ansvar og instruksjonsmakt overfor skatteoppkrevjarane. Det betyr at skattekontoret:

- pliktar å gje rettleiing og bistand i faglege spørsmål
- gjennom mål- og resultatstyring søker å leggje til rette for best mogeleg resultat
- utfører kontroll av skatteoppkrevjaren

Grunnlaget for skattekontoret sin styring av skatteoppkrevjarane er "Instruks for skattekontorenes styring og oppfølging av skatteoppkreverne" av 1. januar 2014. Grunnlaget for skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarane er "Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne" av 1. februar 2011.

Føremålet med kontrollen er å avklare:

- om skatteoppkrevjaren har ein tilfredsstillande internkontroll for utføringa av sine gjeremål
- om føring av rekneskapen, rapportering og avlegging av årsrapporten og årsrekneskapen samsvarar med gjeldande regelverk
- om utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane samsvarar med gjeldande regelverk
- om utføringa av arbeidsgjevarkontrollen samsvarar med gjeldande regelverk

### **2. Om skatteoppkrevjarkontoret**

Skatteoppkrevjarfunksjonen for Haram kommune handsamast av Nordre Sunnmøre kemnerkontor. Kemnerkontoret er skatteoppkrevjar for Ålesund, Giske, Sandøy, Norddal, Stordal, Ørskog, Skodje, Sykkylven og Haram.

I tillegg er det etablert eit interkommunalt kontrollsamarbeid for arbeidsgjevarkontrollen. Her deltek kommunane Ålesund, Giske, Sandøy, Norddal, Stordal, Ørskog, Skodje, Sykkylven, Haram, Stranda, Sula, Herøy, Hareid, Ulstein, Sande, Volda og Ørsta.

Sum årsverk i samsvar med skatteoppkrevjaren sine årsrapportar:

Tal årsverk 2017	Tal årsverk 2016	Tal årsverk 2015
18,0	15,8	15,0

Dei oppgjevne årsverka gjeld samla for heile Nordre Sunnmøre kemnerkontor. Kemneren har i årsrapporten for 2017 oppgjeve at kontoret har hatt nok ressursar til å utføre oppgåvane som gjeld skatterekneskapen og innkrevjinga, men dei har ikkje har hatt nok ressursar til å utføre arbeidsgjevarkontrollen i tilstrekkeleg omfang.



I tillegg til årsverka i tabellen har kemneren i årsrapporten oppgjeve at kontoret per 31.12.17 hadde 4,5 årsverk som er nytta til arbeidsgjevarkontroll i dei andre kommunane som er med i den interkommunale arbeidsgjevarkontrollordninga.

### 3. Måloppnåing

#### Skatte- og avgiftsinngang

Skatteoppkrevjaren sin frist for avlegging av årsrekneskapen og årsrapporten er 20. januar 2018. Skattekontoret har motteke rekneskapen innan fastsett frist.

Årsrekneskapen for Haram kommune viser per 31. desember 2017 ein skatte- og avgiftsinngang<sup>1</sup> til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) på kr 984 670 121 og uteståande restansar<sup>2</sup> på kr 11 425 431.

#### Innkrevjingsresultat

Tabellen viser innkrevjingsresultata per 31. desember 2017 for Haram kommune.

	Resultatkrav 2017 (i %)	Innbetalt av sum krav 2017 (i %)	Innbetalt av sum krav 2016 (i %)	Innbetalt av sum krav for regionen 2017 (i %)
Restskatt personlege skattytarar 2015	95,00 %	96,95 %	93,00 %	96,46 %
Forskotstrek 2016	99,90 %	99,99 %	99,98 %	99,95 %
Forskotskatt personlege skattytarar 2016	99,50 %	99,63 %	99,84 %	99,50 %
Forskotskatt upersonlege skattytarar 2016	99,90 %	99,93 %	99,37 %	99,97 %
Restskatt upersonlege skattytarar 2015	99,40 %	98,49 %	100,00 %	99,38 %
Arbeidsgjevaravgift 2016	99,80 %	99,62 %	99,97 %	99,84 %

For Haram kommune er det gode resultat for dei fleste skatteartane, men resultata for arbeidsgjevaravgift og restskatt upersonlege skattytarar ligg litt under fastsatta krav. Resultatkrava er felles for alle kommunane som er med i Nordre Sunnmøre kemnerkontor, og kemneren har i sin årsrapport klargjort at kontoret samla sett i all hovudsak nådde krava. Det er berre restskatt upersonlige som har eit negativt avvik på 0,7 % poeng. Grunnen til dette avviket er eit krav på 4,9 millionar som det er klag på, og kemneren meiner at kravet mest truleg vil falle bort.

#### Resultat for arbeidsgjevarkontrollen


Skatteoppkrevjaren for Haram kommune er tilslutta den interkommunale kontrollordninga ved Nordre Sunnmøre kemnerkontor.

Resultat for Nordre Sunnmøre kemnerkontor per 31. desember 2017 viser i følgje skatteoppkrevjaren sin resultatrapportering:

Tal Arbeidsgjevarar i kommunen/ kontrollordninga	Minstekrav tal kontrollar (5 % av arbeidsgjevarane)	Tal utførte kontrollar 2017:	Utførte kontrollar 2017 (i %)	Utførte kontrollar 2016 (i %)	Utført kontroll 2017 region (i %)
3 466	173	147	4,2 %	3,2 %	4,6 %

<sup>1</sup> Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

<sup>2</sup> Sum opne (ubetalte) forfalne debetkrav



Talet på gjennomførte kontroller ligg noko under fastsatt krav. Kemneren har i årsrapporten påpekt at det ikkje har vært tilstrekkeleg med ressursar til å gjennomføre nok kontrollar. Det vart tilsett fleire personar i 2016 og 2017, og kemneren meiner at dei nye stillingane vil betre situasjonen.

Kontrollordninga har òg delteke i ulike kontrollsamarbeid og aksjonar, blant anna mot arbeidslivskriminalitet, med Skatteetaten.

#### **4. Skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjaren**

Skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarane i regionen vert utført i samsvar med ein årleg plan, der behovet for kontroll av områda skatterekneskap, innkrevjing og arbeidsgjevarkontroll vert vurdert overordna for kvar skatoppkrevjar. Samtlege områder vil derfor nødvendigvis ikkje verte kontrollert kvart år.

Skattekontoret har for 2017 utført kontorkontrollar av skatteoppkrevjaren for områda skatterekneskap og innkrevjing.

Skattekontoret har i 2017 òg gjennomført stadleg kontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda skatterekneskap og arbeidsgjevarkontroll 3. og 4. mai 2017. Rapport er sendt skatteoppkrevjaren 22. juni 2017. Skatteoppkrevjaren har gjeve tilbakemelding på rapporten 10. juli 2017.

#### **Skatteoppkrevjaren sin overordna internkontroll**

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at skatteoppkrevjaren sin overordna interne kontroll i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.

#### **Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av årsrekneskapen**

Gjennom kontrollane som skattekontoret har gjennomført, har vi gitt følgjande pålegg:

Manuell endring bankkonto. Kemneren vart i rapport av 22. juni 2017 pålagt å etablere rutinar som sikrar at dokumentasjonskrava som følgjer av "Retningslinjer for endring av bankkonto for skattytere" blir følgt ved framtidige endringar av bankkonto. I tilbakemelding frå kemneren datert 10. juli 2017 blir det påpeka at slike rutinar allereie vart etablert 4. mai 2017.

Utover gjevne pålegg ser vi at rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av årsrekneskapen i det alt vesentlege samsvarar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvist uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

#### **Skatte- og avgiftsinnkrevjing**

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane i det alt vesentlege samsvarar med gjeldande regelverk.

#### **Arbeidsgjevarkontroll**

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at utføringa av arbeidsgjevarkontrollen i det alt vesentlege samsvarar med gjeldande regelverk.



## 5. Skattekontoret sin oppfølging av skatteoppkrevjaren

Skattekontoret hadde 1. februar 2017 eit styringsdialogmøte der Nordre Sunnmøre kemnerkontor deltok. I tillegg var det eit oppfølgingsmøte vedkomande arbeidsgjevarkontroll 27. april 2017 der den interkommunale kontrollordninga ved Nordre Sunnmøre kemnerkontor deltok.

Med helsing

Ida Moen  
*fung. avdelingsdirektør*  
avdeling for innkreving  
Skatt Midt-Norge

Karl Inge Klausen

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikke handskrivne signaturar.*

Kopi til:

Kontrollutvalet for Haram kommune  
Rådmann/administrasjonssjef Haram kommune  
Skatteoppkrevjaren for Haram kommune  
Riksrevisjonen